

Sognenett AS  
Dalavegen 25  
6856 Sogndal



Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet  
firmaapost@nkom.no

Dato: 29.09.2023

Høyringssvar: «Analyse av grossistmarknaden for tilgang til faste aksessnett»  
Høyringsdokument fra 14. juni 2023 – Saksnummer 2109795

Sognenett AS viser til Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet sitt høyringsbrev fra 14. juni og nytter høvet til å gje innspel før høyringsfristen den 2. oktober.

Som eit sterkt lokalt forankra selskap i hjarta av Sognefjorden, kjenner me på eit djupt ansvar for å yte det beste for våre kundar. Stifta i 2007, har Sognenett jobba i tett samarbeid med våre fire eigalarar - Sognekraft AS, Aurland Energiverk, Luster Energiverk, og Lærdal Energi. Me har hatt som felles visjon å byggje eit robust fibernettsverk for innbyggjarane i Sogn.

Gjennom åra har me samla ein solid kompetansebase bestående av 20 engasjerte og dedikerte lokale tilsette. Desse medarbeidarane har kvar dag jobba for at kundane våre skal nyte av høgste kvalitet på sitt fibernettsverk. Dette har ikkje gått ubemerka hen; kundesenteret vårt har fleire gonger blitt løfta fram som eit av landets fremste, noko som me er svært stolte av. Sognenett er også i lag med 84 andre, medlem av Fiberforeningen.

Nokre betraktnigar til høyringsutkastet:

- 1. Manglande djupne i analyse** - Det uroar oss at den føreliggjande analysen ikkje synest å ha gitt tilstrekkeleg vekt på pris som ein faktor. Korleis kan ein komme til påstandar om svak konkurranse og høg pris utan å ha eit fokusert blikk på prisstrukturen?
- 2. Uklårhetar og usikkerheitsfaktorar** - Når det i analysen vert framheva mange punkt som er usikre eller uavklarte, set det i tvil kor solide dei konklusjonane som vert dratt er. Er det på denne bakgrunn rett å foreslå slike inngripande reguleringar?
- 3. Moglege konsekvensar av forslaget** - Med tanke på det føreslåtte reguleringsverket, fryktar me for auka usikkerheitsmoment for dei regionale selskapa. Ein slik tilnærming kan potensielt føre til at aktørar vel å konkurrere meir på tenestenivå enn å investere i sterkare og meir robust infrastruktur.

Potensielle følgjer:

- 1. Påverknad på investeringsviljen** - Når det råder usikkerheit, kan det ofte føra til ein dempa investeringsvilje. Dette kan i sin tur ha konsekvensar for framtidig utbygging, oppgraderingar, vedlikehald og innovasjon i bransjen.

**2. Utfordingar for mindre selskap** - Det er grunn til bekymring når me ser at forslaget potensielt kan ha negative konsekvensar for mindre selskap med sterkt lokal forankring. Disse selskapa har ofte tatt eit viktig samfunnsansvar i områdar der dei store aktørane har sett seg blind på dei mest folkerike og økonomisk lønnsame områdane.

**3. Statsbudsjettets rolle** - Dersom investeringsviljen svekkast blant aktørane, kan det føre til at staten blir sittande med ein større del av rekninga.

Det er verdt å merke seg at ved å opne opp for fleire tilbydarar på same nett, kan me potensielt skape meir konkurranse, noko som i teorien skulle kunne gi lågare prisar for forbrukarane. Men ein må og vere varsam; større nasjonale aktørar kan med sin økonomiske muskel drive ut mindre lokale konkurrentar, noko som på sikt kan føra til mindre konkurranse.

Når ein vurderer marknadsdynamikken i Norge, er det essensielt å unngå eit synspunkt som ser for seg 22 distinkte og separate regionale marknader. I realiteten er det snakk om ein overordna, nasjonalt marknad. Denne marknaden er blant anna forma av summen av Telenor sine aksesser, som inkluderer fiber, COAX, og fast trådlause breiband. Med dette perspektivet i bakhovudet, bør ein vende seg mot regulering av dei store aktørane med evne til å operere på eit nasjonalt nivå. Dei mindre aktørane, som ikkje har same kapasitet eller rekkjevidde, bør ikkje bli pålagt dei same krava, sidan dei ikkje nyter dei same fordelane som dei store nasjonale aktørane.

Avslutningsvis vil me påpeike at det er essensielt å finna ein riktig balanse. Me treng ei regulering som gjev både store og små aktørar høve til å konkurrere på like vilkår, samstundes som forbrukaren sine interesser blir verna. Me oppmodar til ein grundigare gjennomgang av det føreslåtte reguleringsverket.

For Sognenett AS

Ole Petter Hatlevoll

Dagleg leiar